

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.09.2019

Fylkesutvalet sette sak RS 132/19 «Passasjerbetaling på fylkesvegferjer med AutoPASS» på sakskartet som politisk sak utan saksførelegg.

Silja Ekeland Bjørkly (H) sette på vegner av H, Frp, V, Sp og KrF fram slikt forslag:

- «1. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen kome attende med sak om innføring av passasjerbetaling på fylkesvegferjene. Inntektene skal bidra til redusert betaling for personbil, og ordninga skal vere provenynøytral.
2. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen gå i dialog med andre relevante fylkeskommunar for å drøfte felles system for innkreving av passasjerbetaling.
3. Dersom innkrevingskostnadane vert vesentlige, slik at reduksjonen i betaling for bilistar vert marginale, ber fylkesutvalet om at det også vert lagt fram sak der det vert sett eit tak på talet passeringar per kalendermånad. Taket kan til dømes vere tilsvarande dagens kostnadar for dagpendlarar.»

Røysting

Bjørkly sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen kome attende med sak om innføring av passasjerbetaling på fylkesvegferjene. Inntektene skal bidra til redusert betaling for personbil, og ordninga skal vere provenynøytral.
2. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen gå i dialog med andre relevante fylkeskommunar for å drøfte felles system for innkreving av passasjerbetaling.
3. Dersom innkrevingskostnadane vert vesentlige, slik at reduksjonen i betaling for bilistar vert marginale, ber fylkesutvalet om at det også vert lagt fram sak der det vert sett eit tak på talet passeringar per kalendermånad. Taket kan til dømes vere tilsvarande dagens kostnadar for dagpendlarar.»